

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 07.02.2014  
Sakhandsamar: **Ingeborg Aas Ersdal**  
Saka gjeld: **Styringsdokument 2014 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

**Arkivsak**  
2014/117  
**Styresak 032/14**

**Styremøte 04.03. 2014**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Sjukehusapoteka Vest i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2014 for Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 04.03. 2014

## Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om blant anna bruk av midlar og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, undervising, forskning og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

## Fakta

Gjennom styringsdokument vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2014. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene og inneheld mål og resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

I arbeidet med styringsdokumentet for 2014 er det lagt vekt på å redusere tal mål og rapporteringskrav, samanlikna med tidlegare år. Det er likevel ikkje slik at dei samla krava til helseføretaka går fram av styringsdokumenta. Dokumenta utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2014 til Helse Vest RHF, og styringskrav frå eigaren formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF. Det blir lagt til grunn at helseføretaka er godt kjende med og set seg inn i desse dokumenta, samt i helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 7. januar 2014.

Sentrale element i styringa for 2014 er tydelege krav til resultat og utvikling av tenesta for å møte dei utfordringane spesialisthelsetenesta står overfor. Summert opp er det desse områda som Helse Vest vil følgje særleg opp i 2014:

- Pasienttryggleik
- Psykisk helsevern og rusproblematikk
- Kreftområdet
- Ventetider og fristbrot
- Organisering av tenestene
- IKT

I dokumenta blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

## Kommentarar

Styringsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har ein felles oppbygging. Innholdsmessig er punkta som omhandlar dei helsefaglege styringskrava, ressursgrunnlaget og dei økonomiske krav og rammevilkår, tilpassa det enkelte føretak.

Styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS følgjer i hovudtrekk same oppbygging som dei andre styringsdokumenta, men er korta ned og tilpassa at desse har eit særskilt og avgrensa ansvar.

I styringsdokumenta blir det stilt krav til korleis helseføretaka gjennom rapportering og årleg melding skal gjere greie for korleis styringsdokumenta og dei krav som her blir stilt, har blitt følgd opp eller blir planlagt følgd opp. Heilskapleg rapportering skal skje i eigarlinja.

Vedlegg:

1. Styringsdokument 2014 Helse Stavanger HF
2. Styringsdokument 2014 Helse Bergen HF
3. Styringsdokument 2014 Helse Fonna HF
4. Styringsdokument 2014 Helse Førde HF
5. Vedlegg 1 til styringsdokumentet 2014 til helseføretaka - Utdanning av personell
6. Vedlegg 2 til styringsdokumentet 2014 til helseføretaka - mal for rapportering
7. Styringsdokument 2014 Apoteka Vest
8. Styringsdokument 2014 Helse Vest IKT AS
9. Vedlegg til styringsdokumentet 2014 til Sjukehusapoteka Vest HF - Mal for rapportering